

SKULEPLAN FOR GRUNNSKULANE I SEL

2009 - 2013



”Vekst og utvikling for alle i eit inkluderande miljø.”

Vedtatt i kommunestyret 31.08.2009

INNHALD

1. INNLEIING.....	3
2. ANSVAR OG FORVENTING.....	4
2.1 Skuleeigar	4
2.2 Skuleansvarleg	4
2.3 Rektor/virksomheitsleiar	4
2.4 Tilsette.....	4
2.5 Foreldre/føresette	4
2.6 Elevar	4
3.0 SKULANE VÅRE	5
3.1 Skulestruktur.....	6
3.2 Ressursbruk	6
3.3 Bruk av skuleanlegga	6
4.0 SATSINGSOMRÅDE OG TILTAK	7
4.1 Kunnskapsløftet generell del	7
4.2 Tilpassa opplæring (TPO)	7
4.3 Spesialpedagogikk	7
4.4 Kunnskapsløftet og grunnleggjande ferdigheiter.....	7
4.4.1 Lesing.....	7
4.4.2 Skrivning.....	8
4.4.3 Rekning	8
4.4.4 Munnleg	8
4.4.5 Digital kompetanse	8
4.5 Framandspråk eller språkleg fordjuping.....	8
4.6 Helse og fysisk aktivitet	8
4.7 Kulturskulen og Den kulturelle skulesekken.....	8
4.8 Sosial og kulturell kompetanse	9
4.9 Elevmedverknad	9
4.10 Det 13-årige løpet.....	9
4.11 ENTREPRENØRSKAP OG LOKALKUNNSKAP	9
5.0 SAMARBEID MELLOM FORELDRE/FØRESETTE OG SKULEN	9
6.0 SKULEBASERT VURDERING.....	9
7.0 INKLUDERING.....	10
8.0 FRÅFALL	10
9.0 LEIING.....	10
10.0 LÆRANDE ORGANISASJON.....	10
11.0 LÆREPLANARBEID.....	10
12.0 TVERRFAGLEG SAMARBEID	10
13.0 HANDLINGSPLAN	12
14.0 VEDLEGG	14

1. INNLEIING

Sel kommunestyre vedtok i K-sak 56/06 Skoleplan for Sel kommune 2006 – 2011. Driftsutvalget gjorde vedtak om rullering av planen 9 D-sak 26/08 den 09.06.08, og arbeidet er utført av ei gruppe sett saman av tre politikarar, to frå administrasjonen, rektorane ved grunnskulane i Sel og hovudtillitsvald for Utdanningsforbundet. Kommunalsjefen har vore sekretær. Planen er vedtatt av Sel kommunestyre i møte den 31.08.2009.

Norsk grunnskule er i stor grad styrt av lov, forskrifter og rundskriv. Stortinget står for lovverk og løyvingar. Utdanningsdirektoratet vart etablert i 2004, og har ansvar for utvikling av grunnskule og vidaregåande opplæring. Utdanningsdirektoratet er Kunnskapsdepartementet sitt utøvande organ, og har eit overordna fagleg tilsyn med opplæringa og forvaltinga gjennom Fylkesmannen. Utdanningsdirektoratet har ansvar for utarbeiding av læreplanar i alle fag, kartleggingsprøver og sentralt gjeve eksamen. Kommunen som skuleeigar er gjennom § 20.1 i Plan- og bygningslova pålagt å samordne handlingsprogram for verksemda dei nærmaste åra. Skuleplan for Sel kommune er ein del av kortsiktig del av kommuneplanen og fortel om lokale prioriteringar og tiltak i komande fireårsperiode. Sel kommune deltar i kvalitetskommuneprosjektet og har verdiordet KIME, som står for kvalitet, inkludering, mot og entusiasme.

Plangrunnlag:

Opplæringslova

Kunnskapsløftet, L-06

St.meld. nr. 38 – Den kulturelle skolesekken

Kommuneplan for Sel

Trafikksikringsplanen

IKT-plan for grunnskulen i Sel

Overordna kompetanseplan

Regional plan for utdanningsval

Regional bibliotekplan

Flyktningsplanen

Visjon frå kommuneplanen:

”Sel kommune skal være ein kommune der innbyggjarane har gode levekår og opplever tilhøyre. Sel kommune skal være eit samfunn for alle der openheit og toleranse står sentralt.”

Kommunen legg stor vekt på å oppretthalde ein god og tidsmessig grunnskule der standard og utstyr er slik at den gir gode pedagogiske og miljømessige vilkår for elevane og alle som arbeider i skulen.

Otta 31.8.2009

Kari Hølmo Hølen
Kommunalsjef

2. ANSVAR OG FORVENTING

2.1 Skuleeigar

- Sel kommunestyre har ansvar som skuleeigar, og får årleg informasjon om status for grunnskulen gjennom budsjett, rekneskap og årsmelding
- Skal til kvar tid sikre økonomiske rammer på linje eller over landsgjennomsnittet for å sikre ein god skule med eit godt arbeidsmiljø for elevar og tilsette
- Ha planar for uteområde ved skulane
- Årleg rullering av trafikksikringsplanen med tiltak skal sikre gode og trygge skulevegar
- Ha eit trygt skulemiljø der elevane tar eigne val og mobbing ikkje er godtatt
- Vere ein MOT-kommune som ikkje godtar mobbing.

2.2 Skuleansvarleg

- Følgje opp politiske og administrative vedtak og gje informasjon
- Følgje opp tverrfagleg og regionalt samarbeid, legge til rette for utviklingsarbeid med vekt på systematisk kompetanseutvikling og bidra til å utvikle skulen som ein lærande organisasjon
- Ha eleven i sentrum
- Utarbeide og følgje opp system for skulevurdering
- Ha ein aktiv dialog med dei tilsette sine organisasjonar

2.3 Rektor/virksomheitsleiar

- Personal- og økonomiansvar
- Pedagogisk/fagleg leiing og oppfølgingsansvar, bruk av kartleggingsverktøy, vurdering og oppfølging av resultat frå nasjonale prøver m.m.
- Delta og legge til rette for utviklingsarbeid
- Tverrfagleg samarbeid med tilsette og andre instansar i og utanfor kommunen for å legge til rette for eit godt og trygt oppvekstmiljø
- Ha eleven i sentrum
- Legge til rette for eit godt skulemiljø, der mobbing ikkje er godtatt

2.4 Tilsette

- Melde frå om sine kompetansebehov, og delta i fagleg og pedagogisk utviklingsarbeid
- Er tydelige vaksne og gode rollemodellar.
- Set eleven i sentrum, og har felles ansvar for alle elevar ved skulen
- Arbeide for eit godt skulemiljø der mobbing ikkje er godtatt
- Tverrfagleg samarbeid
- Ha kjennskap til og arbeide etter vedtekne planar
- Samarbeide om den kulturelle skulesekken

2.5 Foreldre/føresette

- Følgje opp og viser interesse for skulearbeidet og skulesamfunnet
- Bidra til at elevane får eit positivt syn på skulen
- Har tett dialog med kontaktlærer om fagleg og sosial utvikling for eleven
- Arbeider for eit godt skulemiljø der mobbing ikkje er godtatt

2.6 Elevar

- Få ei opplæring som er tilpassa den enkelte i sosialt fellesskap med andre

- Nå læringsmål ut frå egne føresetnader
- Ha medverknad på innhald og arbeidsmåtar gjennom å vere aktive i sin eigen læringsprosess
- Arbeide for eit godt skulemiljø der mobbing ikkje er godtatt
- Bli møtt med og viser respekt og omtanke
- Ha og ta ansvar for eigen skulekvardag



3. SKULANE VÅRE

3.1 Skulestruktur

Kommunen har eit godt utbygd skuletilbod med barneskule på Sel og Otta, kombinert barne- og ungdomsskule i Heidal og ungdomsskule på Otta, vaksenopplæring og kulturskule. Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skole har avdeling på Otta og det er fjellskule på Høvringen. Skulane er viktige kompetansesentra i kommunen og betyr mykje både som arbeidsplassar og for utvikling av positive miljø også utanom skoletida. Eit godt utbygd skuletilbod er viktig med tanke på busetting. Det er tilbod om SFO – skolefritidsordning – både i Heidal, på Otta og Sel for barn frå 6 – 10 år, og sommaropen SFO på Otta.

3.2 Ressursbruk

Ressursmodellen i Sel vart utarbeidd i 2002. Bruken av rammetimar blir i stor grad bestemt av den enkelte skule ut frå elevtal. Det er planlagt gjennomgang av ressursmodellen, da den kan slå ulikt ut frå år til år ut frå elevtal, utan omsyn til særlege behov.

3.3 Bruk av skuleanlegga

Skuleanlegga er i stor grad nytta utanom skoletida til andre ting enn undervisningslokale. Dei bør vere opne til bruk etter skuletid til aktivitet for barn og unge - kulturaktivitetar, konsertar, foredrag og utstillingar m.m.

Heidal skule

"Ein trygg stad å vera – ein trygg stad å læra".

Utbygging og renovering fullført i 2009. Heidal skule bruker rom i Heidalshallen, og har eit flott uteområde for mange aktivitetar. Sel bibliotek har filial på skulen, som er eit kombinasjonsbibliotek.

Sel skule

"Rom for alle – blick for den enkelte".

Småskulebygget vart renoverert hausten 2002, og storskulebygget i 2006. Sel skule har eigen gymsal, samt eit flott uteområde for forskjellige aktivitetar

Otta skole

"Barn skal ha det trygt og godt og læra noko".

2-delt barneskule. Otta skole Nyhusom har eit flott uteområde med god moglegheit for aktivitet. Byggetrinn to for Nyhusom står for tur, det er stort behov for renovering av Otta skole.

Otta ungdomsskole

Otta ungdomsskole skal være ein trygg og framtidretta skole for alle som arbeider der. Gjennom trivsel og medansvar skal skulen gi elevane gode allmennkunnskapar på vegen inn i ei ukjent framtid".

Skulen var ferdig utbygt og renoverert i 2007. Skulen har gymsal i sambruk med Otta kulturhus, dette blir endra med bygging av ny kultursal. Disponerer utandørs fotballbane ved sida av skulen.

Kulturskulen

"Vekst og utvikling for alle i et inkluderande miljø".

Kulturskulen flytta i 2007 inn i nye lokale på Otta ungdomsskole. Har avdeling med 3 grupperom, eit stort musikkrom, kontor for rektor og lærarar. Lokale i Otta kulturhus under vurdering når det blir ny kultursal.

Vaksenopplæringa

"Sel vaksenopplæring skal vere ein trygg skule som skal bidra til å bygge bru mellom ulike nasjonalitetar, og som skal styrke innvandrarane sin føresetnad til å kunne delta aktivt i det norske arbeids- og samfunnsliv".
Lokalisert i Skansen, har for liten plass med dårleg ventilasjon. Får nye lokale frå hausten 2009.

Den norske fjellskolen Rondeheim AS

"Alle elever og vaksne ved fjellskulen er like verdifulle, og kan gjera sitt for fellesskapet. Det er viktig å ta vare på natur- og kulturarv for framtida".

Fjellskulen er privateigd. Staden er godt egna til leirskoledrift med plass til 120 elever. Fjellskulen ligger på Høvringen og er eit ypparleg utgangspunkt for aktivitetar både sommar og vinter.

4.0 SATSINGSOMRÅDE OG TILTAK

4.1 Kunnskapsløftet generell del

Denne delen av læreplanen beskriv dei overordna målsetjingane for skulen og gir retning for opplæringa. Her står det om ansvarsfordeling mellom heim og skule og det er framheva at foreldra er ein del av barna sitt læringsmiljø. Generell del er delt inn i 7 kapittel med vekt på at elevane skal bli meiningsøkjande, skapande, arbeidande, allmenndanna, samarbeidande, sjølvmedvitne og integrerte. Det er ein føresetnad at generell skal vektleggast i all opplæring. Her vil også kommunen sitt verdiord KIME vere eit godt utgangspunkt å arbeide etter.

4.2 Tilpassa opplæring (TPO)

Definisjon: ”*Tilpasset opplæring handler om å utvikle en skole hvor alle legger til rette for, og bidrar til, at alle lærer og utvikler sitt potensiale gjennom deltakelse i et læringsfellesskap.*” (Ref.: Roald Jensen, TPO i en lærende skole, Læringsforlaget 2007)

Alle tilsette skal arbeide for vekst og inkludering for alle i eit inkluderande miljø. TPO skal vektleggast for at elevane skal få ein god skulekvardag. Skulane i Sel skal gjennom TPO leggje vekt på tilpassing til fellesskapet, der elevane utviklar ansvar og empati, og utviklar seg fagleg, personleg og sosialt. Satsinga som er sett i gang i regionen skal følgjast opp.

Stadig fleire elevar føler at skulekvardagen blir lite meiningsfylt med mykje teori. Dei fleste av desse er gutar. Det er viktig at skulen i Sel er offensiv i høve til desse utfordringane og at det blir utarbeidd planar for korleis ein vil legge til rette skulekvardagen for denne elevgruppa. Det må finnast eit system på kvar enkelt skule som fangar opp dette, slik at det ikkje blir kvar enkelt lærar sitt ansvar korleis det blir løyst.

4.3 Spesialpedagogikk

Tiltak innafor spesialpedagogikk skal nyttast tidleg i skuleløpet for å hindre at elevar med behov for spesialpedagogisk oppfølging ikkje fell av allereie på barneskulen. Sel kommune ønskjer å snu statistikken, som viser at mesteparten av midla til spesialundervisning i dag aukar til eldre elevane er.

4.4 KUNNSKAPSLØFTET OG GRUNNLEGGJANDE FERDIGHEITER

4.4.1 Lesing

Lesing er grunnleggjande for all læring, og ferdigheit i lesing blir prioritert som viktigast å arbeide med. Det er eit mål at elevane både skal lese og skrive betre, og gjennom dette få større læringsutbytte i alle fag.

Lesing = ordavkoding x forståing

Sel har plan for leseopplæring for alle trinn som må rullerast, der ungdomstrinnet blir vektlagt i sterkare grad. Rapportering om bruk av planen må inn i eit system. Kompetanseheving av tilsette med bruk av lesepedagogar, intensivert undervisning og betre koordinering mellom spesialundervisning og allmennoplæring er viktig. Dette set krav til gode kartleggingsrutinar med systematisk oppfølging og godt tverrfagleg samarbeid med PPT, helsestasjon, foreldre, barnehage, skule og bibliotek for alle trinn.

4.4.2 Skrivning

Skriving er ein måte å utvikle og strukturere idear og tankar på, og det er ein kommunikasjonsform og ein måte for å lære. I norskfaget skal det jobbast med systematisk opplæring i skrivning, men det er også viktig i alle andre fag. Alle elevane i grunnskulen skal ved hjelp av relevant teknologi og systematisk jobbing med faget, ha tileigna seg grunnleggjande ferdigheit i skrivning.

4.4.3 Rekning

Det å kunne rekne og vise talforståing er nødvendig for å kunne løyse eit breitt spekter av oppgåver og utfordringar i dagleglivet. Matematikkfaget i skulen skal medvirke til å utvikle den matematiske kompetansen som samfunnet og den enkelte elev trenger. Ansvaret for dette ligg ikkje berre i matematikkfaget, men også i andre fag. Kompetanseheving av tilsette, betre kjennskap til det 13-årige løpet med godt samarbeid mellom klassesteg og god kommunikasjon mellom skulane skal vektleggast.

4.4.4 Munnleg

Å kunne uttrykke seg munnleg er eit resultat av det å ha sjølvtilit og respekt for både seg sjølv og andre. Skulane i Sel skal ha fokus på at alle får høve til å uttrykke seg munnleg. Presentasjon av prosjektarbeid, høgtlesing, historieforteljingar, rollespel og satsing på kulturskulen med ulike framføringar vil vere tiltak, vidare at munnleg form får fokus i alle fag.

4.4.5 Digital kompetanse

Elevane skal få grunnleggjande kunnskap om IKT. Læreplanen, nasjonale prøver og eksamen krev ein oppdatert maskinpark og god nettilgang. IKT-plan for grunnskulen i Sel med læringsplattforma It's learning og pedagogisk bruk av IKT skal følgast opp. Ressurssituasjon og kompetansebehov må vurderast til kvar tid. Bruk av fri programvare med Open Office er vektlagt. For administrasjonen er Visma skule kjøpt og opplæring i gang.

4.5 Framandspråk eller språkleg fordjuping

Elevane har rett til opplæring i framandspråk, og regionalt samarbeid om kompetanseplan og søknad om midlar blir vektlagt. Både innan kommunen og regionalt bør samarbeid mellom språklærarar styrkast.

4.6 Helse og fysisk aktivitet

Forskinsresultat syner at elevane er mindre fysisk aktive og at fleire barn er overvektige enn tidlegare. Auka aktivitet i løpet av dagen gir betre konsentrasjon og læringsutbytte. Det skal leggjast til rette for auka aktivitet i løpet av dagen og at fleire elevar går heile eller delar av skolevegen. Kommunen er FYSAK-kommune, og dette skal dagleg syne i skulekvardagen.

Det er ei utfordring at ikkje alle elevar et mat før dei kjem på skulen. God organisering av tilbod om frukt og grønt er såleis viktig. På sikt kan fast kantinetilbod vere aktuelt, og bygg og anlegg bør vere tilrettelagt for dette.

Tverrfagleg samarbeid for god fysisk og psykisk helse for elevane skal vektleggast, like eins førebyggjande arbeid mot rus og tobakk.

4.7 Kulturskulen og Den kulturelle skulesekken

Felles bruk av lærarkrefter og tettare samarbeid med kulturskulen skal vektleggast, og dette skal utgreiast i planperioden. Den kulturelle skulesekken er ei nasjonal satsing som skal bidra til at elever i grunnskulen får møte profesjonell kunst og kultur av alle slag. Satsinga føreset samarbeid mellom kultur- og skulesektoren. Mål og prinsipp for arbeidet er nedfelt i St.meld. nr 38 "Den kulturelle skulesekken". Planen skal vere forankra i skulen si leiing med kulturkontakt på alle skulane.

4.8 Sosial og kulturell kompetanse

Eit tydeleg verdigrunnlag med brei kulturforståing er grunnleggjande for eit inkluderande sosialt fellesskap med eit læringsfellesskap der mangfald er godkjent og respektert. For å utvikle elevane sin sosiale kompetanse skal skulen legge til rette for at elevane får øve seg i ulike former for samhandling og problem- og konflikthandtering. Elevane skal utvikle seg som sjølvstendige individ som vurderer konsekvensane av, og tar ansvar for eigne handlingar. Opplæringa skal bidra til utvikling av sosiale tilhøyre og meistring av ulike roller i samfunns- og arbeidslivet og i fritida.

4.9 Elevmedverknad

Elevmedverknad krev at elevane får delta i planlegging av undervisninga, og deltaking i opplegg som gjeld eiga læring. Deltaking i elevrådsarbeid og elevundersøkingar skal vektleggast. Eit inkluderande læringsmiljø med vekt på elevmedverknad er positivt for utvikling av sosiale relasjonar og motivasjon for læring på alle trinn i opplæringa. I arbeidet med faga vil elevmedverknad gjere elevane meir bevisst på eigne læringsprosessar med større innverknad på eigen læring.

4.10 Det 13-årige løpet

Læreplanen har som mål at det skal vere god samheng mellom grunnskulen, vidaregåande opplæring og lærebedrifter. Rammeplan for barnehagen set krav om kopling mellom barnehage og grunnskule. Elevar kan ta fag frå vidaregåande i grunnskulen. Dette set krav til god kommunikasjon og plan for overgang mellom barnehage, barneskule, ungdomsskule og vidaregåande opplæring både for sosial, kulturell og fagleg del.

4.11 ENTREPRENØRSKAP OG LOKALKUNNSKAP

Stortingsmelding nr. 30 slår fast at entreprenørskap er eit viktig hjelpemiddel til å fornye opplæringa på m.a. ungdomstrinnet. Evne til nyskaping er avgjerande for å oppretthalde levedyktige lokalsamfunn der satsing på skulen er eit viktig distriktpolitisk virkemiddel for næringsutvikling.

Elevane i grunnskulen skal ha god kunnskap om lokalsamfunnet og lokalt næringsliv, og skulane må legge til rette for arbeid med entreprenørskap og elevbedrifter. Skulane skal følge regional plan for arbeid med utdanningsval. Karrieresenteret er ein samarbeidspart for dette.

5.0 SAMARBEID MELLOM FORELDRE/FØRESETTE OG SKULEN

Foreldre/føresette har primæransvar for oppfostring av barna sine. Skulen må i forståing og samarbeid med heimane bistå i barna si utvikling – der foreldra blir trekt med i utvikling av miljøet rundt opplæringa og i lokalsamfunnet. Aktiv bruk av foreldreundersøkinga blir vurdert, og god oppfølging gjennom kontaktmøte, foreldremøte og bruk av heimeside, e-post, sms og læringsplattform skal legge til rette for god kommunikasjonsflyt.

6.0 SKULEBASERT VURDERING

Skulebasert vurdering er et system for evaluering og oppfølging av skolen sin virksomhet både på kommune- og skolenivå. Kvalitetskommuneprosjektet og oppfølging av dette samt

systematisk oppfølging av resultat frå nasjonale prøver og elevundersøkingar er viktig her. Kompetanseheving med vekt på læraren som tydeleg leder, kollegabasert vurdering og anna drøfting av undervisningsformer skal systematiserast. I tillegg skal det leggjast vekt på trivsel, sosial og kulturell kompetanse. Kommunalt tilsyn skal gjennomførast årleg med ulike tema. Det skal utarbeidast eit årshjul for vurdering.

7.0 INKLUDERING

Sel kommune skal ha ei aktiv rolle når det gjeld mottak og tilrettelegging for elevar med ulike behov, og med særleg vekt på språk for dei som treng det. Samarbeid med helsestasjon, barnehage, PPT, vaksenopplæring m.fl. skal legge til rette for ei god integrering av framand-språklege. PPT skal arbeide systemretta og samordne arbeidet i forhold til tilviste elevar.

8.0 FRÅFALL

Grunnleggjande arbeid for å hindre fråfall krev eit breitt tverrfagleg samarbeid med tidleg innsats. Regional plan for utdanningsval vil vere viktig, vidare eit godt samarbeid mellom rådgjevingstenesta og oppfølgingstenesta. Skulane skal ha ein plan for overgang mellom grunnskule og vidaregåande skule.

9.0 LEIING

Sel kommune har vald tonivå-modell, der rektorane både har personal- og økonomiansvar og ansvar for pedagogisk leiing. Dette er til dels i konflikt med kvarandre. Skuleleiinga i Sel skal ha ei utviklingsorientert leiing med sterk pedagogisk kompetanse både på skule- og kommunenivå. Rektorane skal få avsett nødvendig tid til å utføre pedagogiske oppgåver. Merkantil ressurs skal vere lagt inn fast ved skulane.

10.0 LÆRANDE ORGANISASJON

Å vere ein lærande organisasjon være eit mål for utviklingsarbeidet på skulane. Ein lærer av seg sjølv, av andre, lærer bort til andre, og opplever ofte jobben som meir meningsfull og gjevande. Det må difor bli arbeidd for å få meir samarbeidstid med fagleg erfaringsdeling – gjerne med lærarar frå andre skular i kommunen eller regionen.

11.0 LÆREPLANARBEID

Læreplanen har ein generell del og ein fagdel. Generell del fortel om formålsparagrafen i opplæringslova, overordna mål for opplæringa og inneheld det verdimesseige, kulturelle og kunnskapsmessige grunnlaget. Læreplan for fag angir formål, hovudområde, omtale av grunnleggjande ferdigheiter, kompetansemål og om sluttvurdering i faget. Læreplanen for fag er gjennomgåande for grunnskule og vidaregåande skule der det er mogleg. Kompetansemål er sett etter 2., 4., 7. og 10. årstrinn.

Generell del, læringsplakaten og læreplanane for fag er grunnlag for planlegging av opplæringa. Lokalt læreplanarbeid skal vere lokalt forankra, dette gjeld både i kultur, natur og samfunnsliv. Kvar skule må legge dette inn i sin årsplan. Nærleik til nasjonalparkane, Sel kommune som nasjonalparkkommune og satsing på nasjonalparkriket skal vektleggjast.

12.0 TVERRFAGLEG SAMARBEID

Tverrfagleg samarbeid er viktig og skal nyttast ved behov. Tidsbruk for møte og kven som skal delta skal til kvar tid vurderast. Foreldra er ein viktig samarbeidspart.

Ansvarsgruppemøte: Ei ansvarsgruppe skal samordne enkelttiltak rundt elevar med langvarig og samansette behov. Ansvarsgruppa skal ha ein koordinator. Individuell plan er ein rett som

brukar har, og som ansvarsgruppa tek initiativ til å utarbeide, Det skal vere møte to gonger i året.

Lokalteam: Lokalteam består av barnevern, helsesøster, PPT og rektor. Lærar, foreldre og elevar blir innkalla ved behov. Teamet skal vere eit rådgjevande og rettleiande organ for vanskelege situasjonar, samt at det skal vere eit lågterskeltilbod. Det skal vere faste rutinar for møte.

Skulehelsetenesta: Skulehelsetenesta har fast tid ute på kvar skule, for det meste er helsesøster ute på skulane, men også andre yrkesgrupper som fysioterapeut og lege. Skulehelsetenesta skal vere førebyggjande. Målet er å fremje eleven si fysiske og psykiske helse og eigenomsorg, samt å førebygge sjukdom og skader.

PPT: Pedagogisk psykologisk teneste skal arbeid systemretta med utgreiing for tilrettelegging både individuelt og på systemnivå, med kartlegging, utgreiing og sakkyndig arbeid

13.0 HANDLINGSPLAN

	Tiltak	Merknad	Når	Ansvar
1.	Lese- og skriveopplæringsplan	Blir sett ned ei gruppe som evaluerer dagens plan. Vurdere barnehagen si rolle	Innan 01.01.2010	Rektorane i samarbeid med skulefagleg ansvarleg
2.	Leseopplæringsplan	Opplæring av leseopplæringsplan blir vurdert regionalt	Regional søknad	Kommunalsjef, rektor
3.	Lesing: Les i Sel	Les i Sel gjennomført årleg.	Årleg	Rektorane og biblioteksjefen
4.	Bibliotektilbod - utvida opningstider	Minimum opningstid 15 t/veke	2011	Kommunestyret
5.	Tilpassa opplæring - I	Følgje opp dagens satsing med implementering	Kontinuerleg	Rektor
6.	Tilpassa opplæring - II	Utvikle system på kvar enkelt skule som betre tilrettelegg skulekvardagen for teoritruytte elevar	Innan 01.01.2010	Rektorane i samarbeid med skulefagleg ansvarleg
7.	Spesialpedagogikk	Skulen skal syte for at behov for spesialpedagogisk oppfølging blir avdekket tidleg i skuleløpet, og at nødvendige tiltak blir sett inn raskt	Kontinuerleg	Rektor
8.	IKT-plan for grunnskolen i Sel	Årleg rullering	Juni 2009	Rektorane i samarbeid med skulefagleg ansvarleg
9.	Den kulturelle skolesekken	Eigen plan for denne	Årleg rullering	Kulturkonsulent saman med arbeidsgruppe
10.	Kulturskolen inn i skulen		Utgreiing i perioden	Administrasjonssjefen, skolefaglig ansvarlig
11.	Trafikksikringsplanen - rullering	Ansvar teknisk	Tema på rektormøte i november	Trafikksikkerheitskoordinator i samarbeid med teknisk
12.	Kompetanseutviklingsplan for tilsette	Regionalt samarbeid både for pedagogar og assistentar	Rullering årleg	Administrasjonssjefen, kommunalsjef og rektorane
13.	Ressursmodellen	Gjennomgang og ev ny	Innan 2010	Kommunalsjefen
14.	Vikarordning	Vurdere faste stillingar ved største skulane	Økonomiplanen	Rektor
15.	Lærande organisasjon	Hospitering. Legge til rette for læring og utvikling på den enkelte skule.	½ planleggingsdag årleg	Rektorane i samarbeid med TV
16.	Lokalt læreplanarbeid	Det lokale læreplanarbeidet skal vere forankra i det natur- og kulturlandskapet som kjenneteiknar lokalsamfunnet.	Inn i skulen sin årsplan	Rektorane i samarbeid med pedagogane

**Skuleplan for Sel kommune
2009 - 2013**

17.	Tverrfagleg samarbeid	Oppfølging av arbeid som er i gang . Det skal vere møte i ansvarsgruppe minst to gonger årleg og faste rutinar for møte i lokalteam	Innan 2010	Kommunalsjefane i samarbeid med rektorane
18.	Helse- og fysisk aktivitet	FYSAK. Plan skal vere på plass på alle skulane	Årsplanen	Rektor
19.	Kartleggingsprøver		Årleg	Rektor
20.	Sosial og kulturell kompetanse	Steg for Steg. MOT. Trivselsplan. Setja inn systematiske rutinar når situasjonar med mobbing oppstår	Kontinuerleg	Rektor
21.	Elevmedverknad	Elevsamtaler. Vurdering og tilbakemelding. Elevråd.	Kontinuerleg	Administrasjonssjefen, skulefagleg ansvarlig, rektorar, lærere, elever.
22.	Det 13-årige løpet	Plan for overgangar	For overgang barnehage – skule hausten 2009. For overgang til ungdomskule og vgo – innan 2011	Kommunalsjef, styrarar og rektorar
23.	Entreprenørskap og lokalkunnskap	Er utarbeidd regional læreplan for dette	Årleg	Rektor
24.	Rekruttering	Regionalt samarbeid, er viktig også i samband med profilering	Tema på rektormøte årleg	Administrasjonssjefen
25.	Skolebasert vurdering	Tilsyn Årshjul Brukarundersøkingar – elev/foreldre/tilsette Oppfølging av resultat frå nasjonale prøver	Årleg	Kommunalsjefen i samarbeid med rektorane
26.	Fysisk arbeidsmiljø	Otta skule – renovering nødvendig.	Økonomiplanarbeid	Kommunestyret
27.	Nye lokale for vaksenopplæringa		Haust 2009	Kommunestyret
28.	Gymsal Otta ungdomsskole	Renovere dagens kulturhus når ny kultursal er på plass.	Økonomiplanen	Kommunestyret
29.	Utarbeide retningslinjer for bruk av skuleanlegga	Vurdere låsesystem, ta gjennomgang på brannvarsling og vurdere vedlikehaldsbehov også pga stor kveldsbruk.	Økonomiplanen	Rektorane i samarbeid med driftsavdelinga
30.	Kommunalt FAU	Vurdere interesse og behov	2010	Kommunalsjef i samarbeid med rektorane og FAU
31.	Rektormøte		Møte kvar månad samt seminar haust og vår. Delta på lederforum	Kommunalsjef i samarbeid med rektorane
32.	Rullering av skuleplanen	Vurdere om det skal vere felles plan for barnehage – skule, samt vaksenopplæringa sinn plass	Innan hausten 2011	Administrasjonssjefen

14.0 VEDLEGG

Elevtal - Tal frå SSB

Skolekrets Fødselsår	Heidal	Otta	Sel	Totalt
2008	15	39	7	61
2007	7	41	9	57
2006	13	42	11	66
2005	14	35	13	62
2004	13	31	6	50
2003	15	36	9	60
2002	22	35	13	70
2001	15	46	14	75
2000	20	47	9	76

Tilsette

Tal på tilsette skoleåret 2008/2009 (årsverk i parentes):

Skole: Yrkesgr:	Otta skole	Heidal skule	Sel skule	Otta ungdomsskole	Fjell- skulen	Vaksen- opplæringa	Kultur- skulen	SUM
Underv. personell	29	18	6	26	4	5	13	101
Assistentar	16	7	2	4				29
Førskolel.	5	2	2	-				9
Leiing	2	2	1	2	1*	1	1	10
Kontor	1 (0,5)	1 (0,5**)	1 (0,2)	1 (0,5)				1,7
Totalt	53 (41,7)	30 (24,5)	12 (7,7)	33 (21,20)	5 (3,2)	6 (3,75)	14 (3,0)	153 (105,05)

* Fjellskulen sin administrasjonslærer underviser og tar aktuelt kontorarbeid

** Kontorpersonale i Heidal har 12 % av rektor sin administrasjonsressurs i tillegg til 38 %, 50 % som bibliotekar på Heidal bibliotekfilial.